

Hallingdølen

Politisk fritt lokalblad
for Hallingdal.

Kjem ut i Al kvar
tysdag, torsdag og laurdag.

Redaktør: LARS S. STRAND
Journalist: Arnold Sletteland.
Disponent: ERLING VINDEGG

Kontortid: 8.30—16.00
Laurdag: 8.30—14.00

Telefonar:

Redaksjon 65 og 132
Ekspedisjon og trykkeri: 111

Bustadtelefonar:

Disponent 135
Redaktør 174

Postgiro: 49140



Det er lyst for:

Skogsarbeider Sander Hallingstad og kokke Kristi Hallingstad, begge Hol.

Maskinist Sigvald Kristiansen, Nylandsvei 2, Bergen, og sa-longpike Turid Ingelbjørg Fjeldstad, Gol, begge f. t. M/T «Finnanger».

Gardbrukar Svein Sandland, Brunkerberg, og hjelpesøster Inga Brubakken, Hol, f. t. Kviteeid.

Geilo — til Minnefondet.

Ved innsamling til Dag Hammarskjölds Minnefond, igangsett av skulekjkkenlærarinnen Ingeborg Berntsen, ved jentene på framhaldsskulen på Geilo, vart det loddla ut to kransekaker. Desse blei vunne av Arthur Tønnesen, NSBE, Haugastøl, på lodd nr. A 214, og Sander Lislegård, Ustaoset, på lodd nr. B 219.

Det inntkomme belop, kr. 658.00, blei sendt 20/10 1961.

God innsats av jentene.

For aksjonskomiteen:

Knut K. Øyo.

60 år.

Gardbrukar Ola S. Tveito, Al, er 60 år onsdag 25. oktober.

— Vi gratulerer.

Kveldskular i Al.

Kveldskulene i Al skipar no til kveldskurs i engelsk, rose-mål, motor-kunnskap og hallingsau, som nemnt i lysing i dette nr. Hallingsau-kurset kom ikkje i gang i fjor, då deltagar-talet var for lite. Men i år vonar nemndat mange vilt lære seg hallingsau, som det no etter kvart blir færre og færre som meistrar.

Hemsdal kommunestyre

skal ha møte neste tysdag. På saklista er bl. a.: Oppmoding fra Gol jakt- og fiskeforening om aukting av skoptpremien på rev, søkmeld fra Streslettene støslag ved O. Markegård om stikkjeng av veg, spørsmål om val av fri-luftsnemnd, framlegg til uttale i høve soknad fra Foreningen til Begnaassdragets Regulering om ytterlegare senking av Storevatn og Helin, og forandring av felles-kontrakta vedkomande 60 kV linje for Nedre Hallingdal.

Al Vanførelag

skal ha basar lørdag og søndag. Hver gang vanførelaget har holdt basar har folk vært veldig snille til å hjelpe til, så resultatet har alltid blitt bra. Takket være det har laget kunnert hjelpe noen av våre mange wanfore til en litt lettere tilværelse. Vi håper på hjelpe denne gangen også. Et noen som har lyst til å gi en gave til basaren, er vi meget takknemlig. Gavene kan leveres Ingrid Langehaug.

Se ellers annonse i neste nr. av bladet.

Form.

Fredheim.

Sundag 29/10 blir det stor haustfest på Fredheim. Tale, song og vitnesbyrd. Me vil be bygdafolket koma, og elles andre. Alle er velkommen.

O.

Utkikstårn i revedgard brann ned.


Fredag hadde nokre born leika seg med fyrtikker i utvikstårnet på den nedlagde revedgarden til Ola Ødelien i Øvre-Al, med det resultat at tårnet brann ned.



DEN NYE TUNSBERG-BISPEN,
sokneprest Dagfinn Hauge i Vester Aker.

Golreppen nye skule ein pryd for bygda

Stilfull innviingshøgtid i festsalen laurdag



Feiande hornmusikk, framført av unge gutter og jenter, ynskte dei vel 140 innbedne gjestene velkommen til innviingshøgtida ved Golreppen nye skule laurdag. Alle samla seg i festsalen, der sjølv overleverende skule finne stad.

Hermann Nibstad, formannen i festnemnda, ynskte alle velkommen, og sa mellom anna at denne fine skulen var bygd for den oppvekende slekta, og med dei gode lærarane ein har i Gol i dag, skulle det vera gode vilkår for å få ei god utdanning. Han gjorde greie for programmet vidare, og gav så ordet til skuleinspektør Edin Morken, som kort fortalte om skuleskipnaden i Gol i dag, og om utviklinga av elevtalet dei siste åra. Skulen er alt teken i bruk, sa han, og ein har dette bygget å takka for den tidsfossillane skuleplanen ein har no.

Olaf Slettemoen, formannen i byggenemnda, kom med ei kort byggemelding. I byggenemnda hadde desse vore

med: Ragnhild Guldbrandsen, Ester Hovde, Svein Langehaug, Nils Jegleim, Hans Gjengedal, Torstein Golberg, Knut Botten, Edin Morken, skrivar, og altså Olaf Slettemoen som var formann. Det vart vald eit arbeidsutval, der formannen, byggeleiaren og skrivaren var med.

Kommuneingeniør Jacobsen hadde vore byggeleiari. Arbeidet med utgravning av tomta tok til 5/5 1959, og sjølv byggearbeidet kom i gang 3/6 same år. Bygget slik det står i dag har kosta 1 784 659 kroner. Arkitekt er Helge Skoug.

Det er Gol Entreprenør ved Markegård og Halvorsen som har hatt hovedentrepisen. Det sanitære er ved Knut Malmberg, Gjøvik, målararbeiter J. Fylken, Gol, har hatt målararbeidet, ventilasjoner er ved Alfens og Gundersen, Gjøvik, det elektriske ved Gol komm. E-forsyning, og radioanlegget ved Gol Elektrisk.

Bygget, som er i tre høgder,

har ei grunnflate på 850 kvadratmeter, golvflata er 2550 kvadratmeter. Det er 6 klasserom, skulekjøkken, sløydsal, handarbeidsrom, naturfagrom, lesesal, 2 kontor, lærarrom, 2 materialrom, tannlegeklinik, fyrrom og festsal. Slettemoen sa vidare at det hadde vore ei stor hjelpe å ha kommuneingeniør Jacobsen som byggeleiari. På vegner av byggenemnda takka han alle som hadde vore med i arbeidet, og han takka medlemene i byggenemnda for godt samarbeid. Deretter overrekte han bygget til kommunen ved ordførar Nils Eiklid.

Ordføraren sa at det har vore ei rinvande utvikling på skulefronten, og Gol har vore med i dansen. Skulelova av 1959 hadde mest teke pusten fra dei, der pengene ikkje fanst i slike store mengder. Men no tykte han ein var kome eit godt stykke på veg.

Skulen har ei stor og ansvarsfull oppgåve. Saman med foreldra skal den vera med å gjera borna til gode samfunnsborgarar. Ut frå dette hadde ein freista gjera bygget

så fullendt som mogleg. På

vegner av kommunen takka han alle som hadde hatt med

dette bygget å gjera, og gav det så til formannen i skulestyret.

Skulestyrets formann, Hallvor Haavelmoen, vona at lærarane som arbeider her og elevane ved skulen ville triast, og han mente at det mattede dei gjera når dei har fått slik ein flott og godt utstyr skule. Skulestyret vil halda skulen i akt og ære, sa han. Den er ein pryd for bygda, og ikkje minst for Golreppen.

Skulestyreformannen overrekte så bygget til krinsformannen, Knut Storbråten, som tala om den store skilnaden mellom tida då han gjekk på skulen, og slik tilhøver i dag. Han ga lærarane i Gol mykje ros, og overrekte så skulen til styraren, Jens B. Y.

Styraren takka for bygget

på vegner av alle som arbeider der, og først og fremst frå elevane. Midt i gleda bar ein også på ei anna kjensle, ansvaret som tyngjer. Han lova at alle skulle gjera sitt beste for å verne om skulen, slik at den vart verande like fin.

Fylkesmann Dybsjord helsa til slutt skulen og sa at det var gjort eit svært godt arbeid. Dei styrande i Gol fortegnar all respekt for dette. Han gratulerte skulen, og kom til slutt med eit råd til dei som no veks opp, at dei aldri måtte gløyma forfedrane sine som hadde fått dette i stand for dei.

Efter denne høgtidsstunda vart det servert småmat, og etterpå vart gjestene viste rundt i skulebygget. Det var ikkje anna enn lovord å høyrja om utstyr og dei trivelege romma.

Sparebankane i Hallingdal har eit totalt utlån på 55,5 mill. kr., - 13,6 mill. til bustader

Fleire gåvetevlingar for store og små i «Sparebankuken 1961»

«Velstand spira der spararen bur» er mottoet for ein større kampanje som sparebankane i Noreg set i gang. Kampanjen blir lansert under namnet «Sparebankuken 1961». — Den startar 24. oktober og kulminerer med Verdissparegarden, som tradisjonelt blir feira i mange land 31. oktober. I denne kampanjen deltek ein stor del av sparebankane i Noreg, og dei kjem på ymse måtar til å markere «uka». Også sparebankane i Hallingdal blir med. Vi har hatt høve til å vera til

stades på ein liten «rundebordskonferanse» saman med sjefane for sparebankane i Hallingdal, der det vart gjort grep for sumt i tilnærming til bankverksmeda i delen. Dei seks sparebankane i Hallingdal, ein i kvar kommune, har ein samla forvaltningskapital på 93 millionar kroner. Det totale utlånet er på 55,5 millionar kroner, og av dette er 13,6 millionar kroner utlånt til bustader og 17 millionar kroner til jord- og skogbruk.

Når vi ser på den store bustadbygginga i Hallingdal dei sist 15—16 åra, så er det det aller fleste som har fått hjelpe til finansieringa av sparebankane, på ein eller annan måte. Hallingdalsbankane har også halde den politikken at det skal vera låg rente på pantelån. Av dei 55 millionane er om lag 10 millionar felles lån med utanbygds bankar. Det kan seise at samarbeidet mellom sparebankane i Hallingdal er godt, og dei får freistar å sjå Hallingdal som ein økonomisk einskap.

Denne «sparebankuken» skal minna folk om sparebanken. Det er innskota som er det primære, og så blir det bankane si oppgåve å ta vare på pengane, gjera dei driftsbringande, og her er det utlåna kjem inn i billetet. Sparebankane har såleis ei dobbel oppgåve. Ungdommen har mange utvegar

Til slutt kan det forteljast at banksjefane ser med mykje velvilje på dei som har synt sparevile og sparenevne, når dei med til stundar kjem for å få et lån, t. d. til husbygging. Det blir eige lotteri for kvar ein av sparebankane i Hallingdal. I skulane skriv lærarane opp namna på dei som slepper pengar på bøss til å «uka», og dei får vera med på ei særskilt gavetevling.

Det er ei oppgåve for sparebankane å arbeide for ein sunn og godt ordinær økonomi. Sparebankane står også til teneste med rettleiling i utfylling av ymse dokument som har med pengar og handel å gjera. Kundane er alltid velkomne for å få denne rettleilinga.

Til slutt kan det forteljast at banksjefane ser med mykje velvilje på dei som har synt sparevile og sparenevne, når dei med til stundar kjem for å få et lån, t. d. til husbygging. Det blir eige lotteri for kvar ein av sparebankane i Hallingdal. I skulane skriv lærarane opp namna på dei som slepper pengar på bøss til å «uka», og dei får vera med på ei særskilt gavetevling.

Nes komm. Kino.

I den amerikanske filmen «Den slike bredd» handlar om verda etter ein atomkrig. Den er laga etter Nevil Shutes roman, og i hovudrollene spelar Gregory Peck, Ava Gardner, Fred Astaire og Anthony Perkins.

Mistydde.

Den unge lærarinna hadde mykje bry med ein 14-åring, og ein dag sa ho til han:

— Veit du at presten er formann i skulestyret?

— Ja!

— Om du ikkje skilkar deg no, går vi til presten i morgon.

— Haha — skal vi ta ut lysing, kanskje?

Gammalt hus i Rukkedalen brann ned

H. Espeseth hadde fullverdi-forsikra huset, som sto tomt

Eit gammalt hus i Rukkedalen brann ned til grunnen laurdag, etter at det hadde teke til å brenne ved pipa. Då brannevnet kom på staden, sto ikkje huset til å berga. Detimot hindra branmannskappa ilden i å spreia seg til eit stabbur tett ved.

Huset — eit gammalt hallingstove som han vore velt — var fullverdi-forsikra. Eigaren, Halvor Espeseth, Sletten, flytte denfra for nokre år sidan, og til vanleg budde dei selskap i huset til å vinter. Huset var tom for innbu. Hallvor Espeseth hadde overnatta vegen med.

Lunt og fint i heimen

med pene golvtepper. Mykje nytt i golvtepper i mange storleikar og prislag. — Likeins er utvalet i gardiner og dekorasjonsstoff veldig bra.

Velkommen innom
Ola Perstølen

der medan han arbeidde i skogen. Laurdags morgen hadde han fyrt i området for han gjekk i skogen, og medan han var borte, tok det til å brenne ved pipa, som var tom for innbu. Hallvor Espeseth hadde overnatta vegen med.

Rein-eigarar krev 150000 kr. i vederlag frå Staten

Etter forbod mot reisankning med weasel

Tysdag 31. oktober skal Hallingdal heradsrett ha føre ei sak som Dagali og Hardanger Reinkompani har reist mot Landbruksdepartementet og Viltstyrset. Saksøkjarane krev Staten for cit vederlag på inntil 150 000 kroner, fordi laget vart nektet å sanke tamrein ved hjelpe av weasel.

Tamrein frå laget hadde flygt med ville røvfløkkar, og laget ville få tak i dyra att ved hjelpe av weasel, men dette vart stoppa etter ordre frå Viltstyrset. Pga grunn av forbod tapte laget mykje reisel.

Hovudforhandlingane i sak, som skal vere i Ustahall på Geilo, vil ventele seg ta 2—3 dagar. Sørenskjær Ole Chr.

Ulovleg fiske i Krækja:

Frifinning for tre av dei fire tiltalte

Ødegård må betala ei bot på 50 kroner

Hallingdal heradsrett har sagt dom i straffesaka mot dei fire som vart melde for ulovleg fiske i Krækjavatnet på Hardangervidda i haust. Olav Nore, Amund Gulsvik, og Kåre Ørpen, alle fra Krødsherad, vart frifunne for straff etter tiltalte. I saksøkstaden betaler Staten 200 kroner til kvar av dei fire. Lars O. Ødegaard, Hol, vart dømd for brot på lov om freding av ferskvassfiske, til ei bot på 50 kroner (3 dagars fengselsstraff dersom bota ikke blir betalt). Straffa vart gjort betinga, med ei prøvetid på 2 år. Ødegaard betaler 100 kroner i saksøkstaden.

Dommarfullmektig Finn Arnesen styrde retten, som hadde hovudfor